




Anna Olava

Tee



Når du strikker rundt, er ikkje m 31 med. Når du strikker fram og tilbake har du med den siste vrangmasken. Ein rapport er på 10 m, gjenta denne så mange gonger som må til.

- = Rett
- ▤ = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd r saman
- ▨ = 2 rett saman
- = Kast
- = Vrang
- ⤴ = Løft 1 m av, 2 rett saman, løft den første over
- ◊ = Når du strikker rundt må du flytte MM og overlape ein m frå forrige omg. Når du strikker flatt er denne kun 2 rett saman eller LLS.



Størrelse:	1 (2) 3 (4) 5 (6) 7
Overvidde:	75 (83) 91 (100) 108 (117) 125 cm (Beregn 0 bevegelsevidde)
Garneksempel:	HS BFL Silky Sport (Eller garn med 300 m pr 100 gr)
Garnmengde:	250 (250) 300 (300) 350 (350) 400 g
Pinne:	Pinne 3,5 og 4 mm, eller den du må har for å få rett strikkefastheit
Strikkefastheit:	24/10 ferdig blokka

Denne toppen er strikka nedanfrå og opp, med forkorta rader øverst på både forstykket og bakstykket. Båthals, og korte ermer.

Dette mønsteret dreg seg veldig saman, så når du har strikka eit lite stykke, damp arbeidet lett med strykejern og prøv på eller mål strikkefastheit. Du kan lage prøvelapp og dampe den, men husk at strikkefastheita kan endre seg frå ein liten lapp til eit stort plagg. Uansett vert dette plagget veldig tøyelig og du kan velge å blokke det kraftig i breidda eller i lengda for å tilpasse passform. Beregn 0 i bevegelsevidde. Toppen er tøyelig og vil forme seg til kroppen.

Forkortingar:

MM	= maskemarkør
VR	= vrang
R	= rett
BAO	= Begynnelsen av omg.
VM	= vendemaske

Oppskrift :

Legg opp 180 (**200**) 220 (**240**) 260 (**280**) 300 m på pinne 3,5 med italiensk opplegg. Strikk ribb 1 vridd rett (eller vanlig rett om du ikkje vil strikke vridd vrang i halskanten), 1 vrang i 4 cm. Skift til pinne 4 og strikk mønster etter diagrammet til arbeidet måler ca. 35-40 cm. Eller ønska lengde før armhol. Mål på ein annan topp.

Avslutt på ein omg. 20 slik at du startar på starten av diagrammet når du skal dele av.

Berestykker:

No skal du dele arbeidet og strikke forstykket og bakstykket ferdig kvar for seg. Dei to delane er identiske.

Start på ein oddetalsomg. Ved starten på omg., strikk til du kjem til neste vrangmaske i mønsteret. Kanskje er det den 1 masken din.

Strikk slik: 1 vr, 3 rett, fell 3, 3 rett. Strikk 8 (**9**) 10 (**11**) 12 (**13**) 14 mønsterrapportar slik mønsteret viser, 1 vr, 3 rett, fell 3, 3 rett. Strikk 8 (**9**) 10 (**11**) 12 (**13**) 14 mønsterrapportar slik mønsteret viser.

Snu og strikk forstykket og bakstykket ferdig kvar for seg. Dei 3 første og siste m er kantmasker og strikkast i glattstrikk.

Strikk til armhola måler 12 (**13**) 14 (**15**) 16 (**17**) 18 cm, eller ønska lengde minus 1,5 cm. Prøv på!

Vrangbord:

No skal du strikke 4 omg. vrangbord. 1 vridd rett, 1 vrang på retta, og 1 vridd vrang, 1 rett på vranga. **Kantmaskane er fortsatt 3 m glattstrikk!**

Du kan velge å droppe og vri maskane om du ikkje gjorde det i starten.

Forkorta rader:

Fortsett med vrangbord medan du strikker forkorta rader for å forme toppen:

Strikk vrangbord til det står igjen 5 m (inkl. kantmasker)

Snu, lag VM

Strikk vrangbord til det står igjen 5 m (inkl. kantmasker)

Snu, lag VM

***Strikk vrangbord til 5 m før VM**

Snu, lag VM*

Gjenta *-* til du står igjen med totalt 6 VM på kvar side.

Sett alle maskane på vent på ein maskewire, og strikk andre delen likt.

Skuldrer:

Maske saman 28 (**30**) 34 (**36**) 40 (**44**) 48 m på kvar side. Søk opp **Maske sammen ribbestrikk** på YouTube. Lat resten av m stå igjen på pinnen for å strikke halskant.

Halskant:

Sett alle m frå bakstykket og forstykket på pinne 3,5. Plukk også opp 1 m i kvar side. Strikk 2 omg. glattstrikk. Fell laust av. No vil du få ein fin rullekant.

Ermer:

Strikk opp i 2 m, hopp over 1 m, heile armhola rundt.

Strikk glattstrikk i 8 cm. Avslutt med 4 cm ribb som du feller av med italiensk avfelling.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #annaolavatee om du vil.

Elisabeth

